

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus Møterom Føretaksleing 6.etg.
MØTETIDSPUNKT: 29.04.16, Kl.09.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Solfrid Borge	Medlem Deltok på telefon tom sak 25/16
Gunnar Birkeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Liv Kari Eskeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem

FORFALL FRA STYRET

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

J

SAKLISTE

Sak 019/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 020/16	Godkjenning av protokoll 04.04.16
Sak 021/16	Administrerende direktør si orientering
Sak 022/16	Rapport frå verksemda
Sak 026/16	Handtering av uønskte hendingar i helseføretaka

Saker til orientering:

Sak 023/16	Årsrapport 2015 Tilsetteskader og HMS hendingar
Sak 024/16	Årsrapport 2015 Avvikshandtering pasientrelaterte hendingar
Sak 025/16	Årsmelding 2015 Pasientombod Hordaland Årsmelding 2015 Pasientombod Rogaland
Sak 027/16	Eventuelt Skriv og meldingar

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

.....

Sak 019/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Sak meldt til eventuelt.

Spørsmål frå styremedlem Solfrid Borge om plassering av øyeblikkeleg hjelp senger i Odda. Styret vedtar behandling av spørsmålet i sak 021/16

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 020/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 04.04.16

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 04.04.16

Sak 021/16 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Viste til vedlagt notat

3. Kvalitetsparametrar

Administrerande direktør orienterte om kvalitetsparametre 2.tertial 2015

4. Årsmelding Kvalitetsutvalet, Helse Fonna 2015

Viste til vedlagt årsmelding

5. Årleg melding 2015 arbeidsmiljøutvalet AMU Helse Fonna HF

Viste til vedlagt årleg melding

6. Årleg melding brukarutvalet Helse Fonna 2015

Viste til vedlagt årleg melding

7. Bygg Haugesund 2020

Administrerande direktør orienterte om vedlagt notat. Prosjektdirektør Laila Nemeth orienterte om Bygg Haugesund 2020

8. Etablering av interkommunal legevakt og snøggjelds døgntilbod (KAD senger) i Sunnhordaland

Viste til vedlagt notat

9. Status endring Folgefonn DPS

Viste til vedlagt notat

10. Spørsmål frå Solfrid Borge om plassering av øyeblikkeleg hjelp senger i Odda.

Administrerande direktør gjorde greie for Helse Fonna si haldning til spørsmålet og informerte om dialogen som har vore i saka mellom Helse Fonna og Odda kommune.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 022/16 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Akkumulert er det økonomiske korrigerede resultatet på 6,4 millionar kroner mot budsjettert overskot på 10 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 3,6 millionar kroner. Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 1,7 millionar kroner. Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 1,4 millionar kroner. Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 0,4 millionar kroner. Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 0,7 millionar kroner.

Pr mars månad synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 7,2 millionar kroner. Det utgjør 6,9 % av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 467,4 millionar kroner, noko som er ei forbetring på 19,3 millionar kroner i forhold til førre månad.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk

Tal DRG poeng, sjukehusopphald er høgare enn planlagt, dagbehandling og polikliniske konsultasjonar noko lågare enn plan.

Ventetid

Ventetida for alle behandla pasientar er 56 dagar, som er innanfor målkravet på 65 dagar. I

styringsdokumentet for 2016 har eigar kravd at ventetida innan vaksenpsykiatrien skal vere under 45 dagar, innan barne- og ungdomspsykiatrien under 40 dagar og innan rusfeltet under 40 dagar. Innanfor vaksenpsykiatrien og rusfeltet er føretaket er innanfor målkrava. Det er berre sju pasientar pasientar på ventelistene i heile føretaket som har venta meir enn eitt år.

Epikrisetid

4 av 5 epikriser blei sendt innan fristen.

Korridorpasientar

Talet på korridorpasientar har gått opp til 3,5 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

Talet på utskrivingsklare pasientar som ventar på eit kommunalt tilbod har vore høgt i sidan årsskiftet 2015/2016.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

Sjukefråvær

Sjukefråvær pr. mars er 7,5 %

HMS

I februar 2015 var det meldt 420 saker til meldesystemet Synergi. 37 % av sakane i februar gjeld pasientar. 14% gjeld HMS/tilsetteskadar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

Sak 026/16 Handtering av uønskte hendingar i helseføretaka Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest RHF varsla i brev datert 30.04.2015 internrevisjon av system for handtering av uønskte hendingar i føretaka. Føremålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje i kva grad føretaka i Helse Vest har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar, korleis desse fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukte til læring. Rapport frå revisjonsarbeidet vart sendt føretaka 19.02.2016, og vert gjennom denne saka lagt fram for styret i Helse Fonna saman med handlingsplan for oppfølging av tilrådingane.

Leiar for internrevisjon Helse Vest RHF Bård Humberst presenterte rapporten
Helse Vest internrevisjon « Handtering av uønskte hendingar»

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tek rapporten «Handtering av uønskte hendingar i Helseføretaka» frå Internrevisjonen i Helse Vest RHF til etterretning
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten og sende handlingsplanen til internrevisjonen i Helse Vest RHF
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør rapportere status på gjennomføring av handlingsplanen til styret i Helse Fonna HF og internrevisjonen i Helse Vest RHF

Saker til orientering

Sak 023/16 Årsrapport 2015 Tilsetteskader og HMS- hendingar

Oppsummering

Av melde uønska hendingar i 2015 utgjer HMS-hendingar/tilsetteskader 14,2 %.

Gjennom avvikssystemet Synergi kan vi sjå at det er ein auke i tal melde hendingar tilsetteskader/HMS-hendingar i perioden 2013 – 2015.

Tilsetteskader er skader på tilsette med eller utan konsekvens. HMS-hendingar er hendingar som er knytt til HMS-området: arbeidsutstyr, lokale, inneklima, reinhald, avfallshandtering, manglande samsvar med rutinar, etc.

Frå 2013 er talet på meldingar innafor desse områda auka med 60%. Fleire skader er ikkje positivt i seg sjølv, men om det er slik at fleire melder dei skadane som faktisk skjer, då er meldekulturen i ei positiv utvikling. Det er ikkje auke innan hendingstypen forbetningsområde.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 024/16 Årsrapport 2015 Avvikshandtering pasientrelaterte hendingar

Oppsummering

Talet på meldte pasientrelaterte saker er i prinsipp likt i 2014 og 2015. I 2015 vart det meldt 1183 pasientrelaterte samanlikna med 1244 saker i 2014.

Ein må i det vidare arbeidet ha fokus på saksbehandlingstida på meldingane og tiltaka særskilt med tanke på hendingar med alvorlege konsekvensar, jamfør sak om oppfølging av revisjon «Handtering av uønskete hendingar i helseføretaka 2015»

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek saka til orientering

Sak 025/16 Årsmelding 2015 Pasientombud Hordaland Årsmelding 2015 Pasientombod Rogaland

Oppsummering

Pasient- og brukarombud i Hordaland Rune J. Skjælaaen presenterte Årsmelding 2015 Pasient – og brukarombud i Hordaland og Årsmelding 2015 Pasient– og brukarombudene i Norge.

Pasient– og brukarombod i Rogaland Gro Snortheimsmoen Bergfjord presentere Årsmelding 2015 Pasient- og brukarombodet i Rogaland

Vedtak [samrøystes]

Styret tar årsmeldingane frå pasient og brukaromboda i Hordaland og Rogaland til orientering

Sak 027/16 Eventuelt Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

1. Brev frå HOD 16.03.16
Tiltak for å sikre en åpen og god dialog i sykehusene

Ref. Ingebjørg Kismul

10.05.2016

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Sett: Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Sett: Helge Espelid	Medlem